

## Bokmeldinger:

Pauline Hoggarth, Fergus Macdonald, Bill Mitchell, Knud Jørgensen (red), *Bible in Mission* (Regnum Edinburgh Centenary Series, Volume 18) Oxford: Regnum Book International, 2013, 317 sider.

Pris & 24.79

ISBN: 978-1-908355-42-3

Bokmelding skrevet av Kjetil Aano

### Ei kjærleikserklæring

Edinburgh-2010 har tatt mål av seg å etterlata seg ei like viktig skriftserie som det opphavelige Edinburgh-møtet 100 år tidlegare gjorde. Gjennom skriftserien som denne boka er ein del av, står ein i fare for å nå dette målet.

Knud Jørgensen er saman med Kirsteen Kim, Wonsuk Ma og Tony Gray redaktørar for heile serien. Denne boka er enkelt sagt ei kjærleikserklæring til Biblen som den kristne grunnteksten og som den kristne kyrkjas felles basis. Samtidig er nettopp Bibelen som Guds kjærleiksbrev, eller «love affair» med menneska og sitt skaparverk noe som går igjen i artiklane som utgjer boka. Boka startar med ein introduksjon på tre kapitlar og sluttar med eit oppsummerande kapittel ved hovudredaktør Jørgensen.

Hovudtyngda blir utgjort av to hovudbolkar. Først åtte kapittel om korleis Bibelen - som ein del av kyrkjas misjon - møter verdas mangfald, og ulike kyrklelege tradisjonar og utfordringar. Dernest følger ei rekke casestudier frå heile verda.

Innleiingsvis plasserer redaksjonen boka i serien, og peiker på den nære samanhengen det er mellom misjon og bibel. Dernest følger innleiingskapittel om bibelforståing og -tolking. Ole Christian Kvarme skriv først ei lesverdig og pedagogisk god innleiing om Bibelen som Guds bok, menneskas bok, eit folks bok og livets bok. Han peiker på kor lett det er å gå seg vill når ein gløymer eit av desse perspektiva, og peiker på korleis Gud som skapar har vore overskygga av Guds om frelsar

i store delar av misjonshistoria. Deretter følger eit like lesverdig kapittel om det hermenevtisk tilhøvet mellom bibel og misjon. Her peiker forfattaren Tim Carriker på korleis misjon er ein forståingsnøkkelen for misjon ved å introdusera (frå Paul Ricoeur) eit trefaldig perspektiv på relasjonene: misjon er bak, i og framfor bibelteksten. Kapitlet forklarer kva han legg i dette.

I den første hovuddelen av boka følger så fire kapittel om misjon i dagens verd, med fokus på vestleg sekulær kultur, islam, hinduisme, og barn. Dernest følger kyrkjelege utfordringar og tolkingar: Pentekostal/evangelikal, vestleg protestantisk, ortodoks og romersk katolsk perspektiv.

Andre hovuddel er ei samling case-studier. Her er god balanse, det er vanskeleg å sjå at det er noen perspektiv som ikkje er komne med. Det er lagt sterkt vekt på utfordringa som ligg i vestleg, sekulær (ungdoms) kultur. Men truleg er dette også ein av dei store utfordringane til bokas tema.

Dette er ei oppkomme av refleksjonar, kunnskap og forteljingar. I første hovuddel merkte eg meg spesielt Michael Kisskalts kapittel: Biblical hermemeutics in Mission, der han spør kva slags teologi vi har lov til å utvikla. Han argumenterer for ein u-hierarkisk

modell, som han utviklar i dialog med katolikken Steven Bevans, og med eit sideblikk til det han kallar verknadshistoria.

Fleire av case-studiene var også spennande lesing, t.d. kapitlet om korleis Bibelselskapet i Afrika har utvikla ein metodikk med å bruka bibelforteljingar i møte med HIV/AIDS. Bak dette står Konstanse Raen, og det viser seg svært verksamt.

Også kapitlet om korleis møtet med Bibelen skaper ny musikk og song blant Miao-folket i Yunnan i Kina, er flott. David Spring og Sue Coyne får fram kor framand den bibelske verda kan vera for vestleg ungdom og peikar på vegar fram for å overvinna dette. Det gjer også Adrian Blenkinsop og Naomi Swindon, som fortel med begeistring korleis bibelske forteljingar ennå kan fenga menneske. Slik får dei fram kor viktig forteljar-elementet er i all bibelformidling.

Eit for meg nytt perspektiv på Bibelen opna Paul Soukop opp, ved å setja Bibelen i eit medie-økologisk lys. På same måten som alt anna blir påverka av det som omgir det, blir også Bibelen det, og formidling av Bibelens innahld blir det.

Det er naturleg at i ei bok som dette vil kvaliteten variera kapitla imellom. Det gjer ikkje noe. Dersom boka skal lesast i samanheng kan det vera ei utfordring at variasjonene i tema

til dels blir stor – og til dels överlappar kvarandrep. Men boka er ikkje primært meint å skulle slukast i eitt drag. Som kjelde døme ein kan henta kunnskap, innsikt og gode døme frå, som ressurs til vidare arbeid med misjon og med bibelformidling inn i den delen av Guds verd vi faktisk høyrer til i, er dette verdfullt. I sitt avslutningskapittel framhever Knud Jørgensen fire perspektiv som summerer opp mye av innhaldet i det konglomeratet av stoff vi blir

presentert for: Bibelen er ein symfoni av røyster, men med samklang i all si mangfold. Tolking og arbeid med tolking, foramfor, i og bak teksten, er ufråkomeleg. Bibelen har eit sterkt mot-makt-perspektiv som ein ikkje kan sjå bort frå: Barn og ungdom kvinner og makteslause står i ei særstilling. Og til slutt: Bibelen er ei bok som les meg.

Her er mye å henta for alle som arbeider med misjon i åra framover.

Stephanie Dietrich, Knud Jørgensen, Kar Karsrud Korslien & Kjell Nordstokke (editors), *Diakonia as Christian Social Practice. An Introduction*. Regnum Books International, 2015, 252 sider

Pris: £ 17.59

ISBN: 978-1-908355-63-8

Bokmelding skrevet av Tormod Kleiven, Høyskolen Diakonova

Boka er en artikkelsamling som omhandler diakoniens teologiske basis, samt ulike perspektiver ved diakoniens innhold, kontekst og praksis. Den er svært godt egnet til å gi innsikt både teoretisk og praktisk om diakoniens plass og funksjon i kirke og samfunn, men også om diakoni som en akademisk disiplin og vitenskap.

Forfatterne (totalt 14 personer) er i all hovedsak knyttet til ulike utdanningsinstitusjoner i Norge og Norden med diakoni som en del av sitt utdannings- og forskningsfelt. De representerer til sammen en omfattende og

bred kompetanse innenfor diakonifeltet både teoretisk og forskningsmessig, men også med mye erfaring innenfor praktisk diakonalt arbeid.

Boka består av tre hoveddeler. Disse er benevnt som henholdsvis teologiske, sosiale og praktiske perspektiver ved diakonien. Hoveddelen som omhandler teologiske perspektiver, består av til sammen sju kapitler. De to første kapitlene er en grundig gjennomgang av sentrale dimensjoner ved diakoniteori samt en teologisk drøfting av diakoni forstått som å kirkens